

HUSET I BYGDA

Kva skjer i 2019

Nye regionsamlingar er planlagd i følgande kommunar:

- Bremanger (truleg Berle grendahus)
- Flora
- Gloppen
- Gulen
- Hornindal

2019?

Dato for kvar kommune er ikkje avklart, men vil truleg vere på ein av desse dagane (kveldstid):

- 13. Februar
- 13. Mars
- 10. April
- 16. Oktober
- 23. Oktober

Tilskotsordningar

Har de planar om utbetring av huset eller ulike former for aktivitetar i 2019 er det lurt å starte planlegginga no.

Nokre aktuelle ordningar:

- Desentralisert ordning til kulturbygg (ta kontakt med din kommune når det gjeld søknadsfrist).
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sin tilskotsordning til lokale kulturbygg (15. April).

Oppdatert liste over tilskotsordningar finn de på:

<http://www.husetibygda.no/tilskotsordningar/>

Om Huset i Bygda:

Dei organisasjonseigde kulturbygga – ungdomshusa, grendehusa, samfunnshusa og bygdehusa – er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med dugnad og frivillig innsats. Formålet til Huset i bygda er å løfte fram og synleggjere desse kulturbygga som viktige kulturarenaer, og utvikle møtestader og verktøy som kan gjere dei lokale laga til meir kompetente huseigarar.